

Sund 2030

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Etter vedtak i Kommunestyret 19.06.18

Innhald

1. Planen	3
1.1. Visjonar og mål	3
1.2. Folkehelse	4
1.3. Prosess	4
1.4. Oppfølging	4
2. Demografi	4
2.1. Folketalsvekst	4
2.2. Folketalsutvikling	5
2.3. Flyttemønster	6
2.4. Innvandring	7
3. Inkluderande kommune	8
3.1. Status	8
3.2. Mål	8
3.3. Strategi	9
4. Livsmeistring og helse	9
4.1. Status	9
4.2. Mål	10
4.3. Strategi	11
5. Helse for alle	11
5.1. Status	11
5.2. Mål	12
5.3. Strategi	12
6. Arealstrategi – ta heile kommunen i bruk	13
6.1. Status	13
6.2. Mål	15
6.3. Strategi	15
7. Samferdsel	15
7.1. Status	15
7.2. Mål	16
7.3. Strategi	16
8. Næringsutvikling	16
8.1. Status	16
8.2. Mål	18

8.3. Strategi	18
9. Frå Sund - til nye Øygarden kommune	18
9.1. Status.....	18
9.2. Mål	19
9.3. Strategi	19
10. Beredskap.....	19
10.1. Status.....	19
10.2. Mål.....	19
10.3. Strategi	20

1. Planen

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med ein handlingsdel og ein arealdel. I Samfunnsplanen blir langsiktige mål og strategiar for kommunen sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon vedtekne. Samfunnsplanen inneheld også ein arealstrategi som viser samanhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk.

Kommuneplanen sin arealdel skal følgje opp dei føringane som er gitt i samfunnsdelen. I arealdelen finn ein juridisk bindande plankart, føringar og planskildringar.

Planen gjeld fram til ny plan er laga, etter at Sund kommune er historie og blir ein del av nye Øygarden kommune frå 01.01.2020

1.1. Visjonar og mål

Samfunnsplanen er forankra i Sund kommune sin visjon **Vi finn løysingar i lag**, som skal gi retning for korleis vi skal løyse dei utfordringane vi har som samfunn fram mot 2030. Dette er utdjupa i målet for kommuneplanarbeidet:

I Sund kommune er det eit hovudmål å få innbyggjarane til å ta medansvar for utviklinga – slik at vi tar vare på kvarandre gjennom heile livsløpet og skaper eit miljø folk synest det er triveleg å bu i.

Brukarperspektivet er førande og stiller krav til alt kommunalt plan- og utviklingsarbeid. I samfunnsplanen skal visjonen konkretiserast gjennom handlingsdelen, der den raude tråden er folkehelse.

Kommunen sine verdiar, **løysingsorientert, raus, kompetent og tilgjengeleg**, skal gjennomsyre tenestene våre og visast i måten vi samhandlar og møter innbyggjarar og samarbeidspartnarar.

1.2. Folkehelse

Folkehelsearbeid er definert som er den totale innsatsen som blir gjort for å oppretthalde, betre og fremje den generelle helsa hos innbyggerane. Å legge til rette for ei utvikling der den generelle folkehelsa blir styrka og der det blir sett inn tiltak når grupper eller enkeltpersonar treng støtte, er ei oppgåve for alle deler av den kommunale organisasjonen.

I Noreg og i Sund har vi generelt god folkehelse. Men den gode helsa er ikkje jamt fordelt i befolkninga. Helsa er påverka både av individuelle og sosiale faktorar, dei individuelle faktorane er den fysiske helsa og levevaner som røyking og bruk av alkohol, medan dei sosiale faktorane er oppvekstvilkår, utdanning, inntekt og arbeid.

Kommunen sitt arbeid for å sikre god folkehelse og redusere sosiale skilnader i helse, handlar om å legge til rette for gode oppvekstvilkår, førebygge skade og sjukdom, legge til rette for sunne levevaner, førebygge fråfall i vidaregåande skule og fremje sosiale fellesskap.

Skal vi lukkast med folkehelsearbeid må det etablerast samarbeid på tvers av kommunale sektorar og mellom kommune, sivilsamfunn og private. Men også mellom kommune og regionale og statlege myndigheiter / aktørar.

1.3. Prosess

Planarbeidet har vore organisert med ein redaktør for kvart plantema som har drøfta henta innspel frå brukarar og medarbeidarar. Arbeidet er gjennomført som ein forenkla prosess. Målet er å få eit dokument som skal vere Sund kommune si bestilling inn mot den nye kommunen.

1.4. Oppfølging

Det er viktig å følgje opp og evaluere dei tiltaka som blir sett inn. I dette arbeidet vil kommunen mellom anna nytte medarbeidar- og brukarundersøkingar systematisk for å sjå om måla blir nådd. Ung Data og Elevundersøkinga er viktige kjelder for å fange opp korleis barn og unge sjølv opplever det å vekse opp i Sund.

Data frå Kommunehelsa og den årlege folkehelseprofilen¹ gir høve til å følgje utviklinga over tid.

2. Demografi

Demografi er studiet av korleis befolkninga på eit gitt tidspunkt er sett saman, folketal og utviklinga av populasjonen. Primært målt ved inn- og utflytting, talet på fødde og talet på døde.

I vår samanheng er demografiske data viktige for å kunne planlegge tenestene våre og for å kunne identifisere endringar i befolkningsamansetjing og utfordringar det fører med seg.


2.1. Folketalsvekst

Sund har hatt jamn folketalsvekst med eit gjennomsnitt på 2,31% dei siste tre åra. I 2016 passerte folketalet i Sund 7000. I ti-års perioden 2007 – 2016 har folketalet i Sund auka med 24,5%. Dette er mest i regionen og den 3. største veksten i fylket.

¹ Folkehelseinstituttet publiserer kvart år i januar folkehelsprofilar for kommunar og fylke. Desse er kobla til data i Kommunehelsa.no.

Som vist i grafen under, har veksten i folketallet blitt redusert i 2016 og 2017. Det er i hovudsak nasjonal innflytting som er redusert. Dette kan ha fleire årsaker, det er m.a. peika på belastninga ved å reise til arbeid i kø, og usikkerheit på arbeidsmarknaden. No er ikkje svingingar i folkeveksten nytt, så det er for tidleg å slå fast at det vil vere ein vedvarande trend. Det kan likevel vere verd å sjå dette i samanheng med den nedgangen i folkevekst som ein ser nasjonalt. Den svake folkeveksten i 2017 fører til at Sund kommune taper eit veksttilskot på 2 millionar 2019.

Folkeveksten henta frå SSB si kvartalsvis oversikt frå 2012 – t.o.m. 2017 er vist under.




2.2. Folketalsutvikling

Framskriving av folketallet, hovudalternativet frå 2016, viser at den største veksten fram mot 2040 vil skje i dei eldste aldersgruppene, der gruppa over 80 år vil bli meir enn tredobla. Den same utviklinga ser vi i heile landet. Levealderen aukar og fleire eldre er friske. Men med auka alder vil også aldersrelaterte sjukdomar auke.

Fødselstalet vil etter framskrivinga halde seg om lag som i dag. Dette kan tyde at den strukturen kommunen i dag har på skule- og barnhage vil dekke behovet fleire år framover, dersom kringsgrenser ikkje stenger for å utnytte potensialet.

Ssb har med bakgrunn i framskriving av folketallet frå 2016, sett på alle norske kommunar og berekna eldreomsorgsbøra, det vil sei talet på personar som ikkje lenger er i arbeid (over 70 år) i høve til talet på innbyggjarar i arbeidsfør alder (mellom 20 og 69 år). Det viser at Sund kjem «godt» ut med ei relativt ung befolkning i dag.




Ssb si folketalsframskriving 2016, hovudalternativet

2.3. Flyttemønster

Mobiliteten i befolkninga er stor. Når ein ser på flytting innanlands, er det i perioden frå 1. kvartal 2012 til og med 4. kvartal 2017, om lag like mange som flytta inn som flyttar ut av kommunen.


I eit folkehelseperspektiv kan stor mobilitet gi sårbarheit for den enkelte. Stor mobilitet kan svekke det sosiale samspelet mellom innbyggjarane og sårbare grupper som barn, funksjonshemma og innvandrarak kan då falle utanfor det sosiale fellesskapet.



Figuren over viser inn- og utflytting innanlands frå 2012.

2.4. Innvandring


Om lag 12% av innbyggerane i Sund er innvandrar eller barn av innvandrarar (2017). Innvandrar er definert som 1. generasjon innvandrarar og deira barn som er fødde i Norge. Dei fleste av desse er arbeidsinnvandrarar. Der er 54 nasjonalitetar busett i Sund ved inngangen til 2017.



Landbakgrunn for dei største gruppene innvandrarar i Sund pr. 01.01.17 (ssb)

Innvandring frå land i Europa utgjer den største delen av innvandringa til Sund. Innvandrarar frå Polen og Litauen utgjer ein sentral ressurs i den lokale fiskeindustrien. Redusert arbeidsinnvandring kan skape problem for industrien på land.

I 2017 var det, som figuren under viser, ein markant nedgang i talet på innvandrarar til Sund



3. Inkluderande kommune

3.1. Status

Folketalet og folkeutvikling i Sund viser at kommunen er avhengig av innvandring for å oppretthalde og auke folketalet. Med innvandring og tilflytting følger ansvar for tilrettelegging og integrering. Samfunnet sin vilje til å inkludere er også ein viktig faktor for at innvandrere og flyktningar skal sjå på Sund som ein trygg stad å kome til og busette seg.

Den største utfordringa knytt til innvandrere og flyktningar i Sund er språk. Manglande norskkunnskap skapar vanskar med å tileigne seg kunnskap og fungere både i skule, arbeidsliv og nabolag. Det skapar vanskar for borna i samhandling med andre born og skapar vanskar for foreldre å samarbeide med barnehage og skule. Dette fører igjen til «utanforskap» som er ei generell utfordring for denne delen av befolkninga både lokalt og nasjonalt. Mange opplever det som vanskeleg å bli ein del av eit lokalsamfunn, og søker då til «sine» med den konsekvens at det blir segresjon og ikkje integrasjon.

Levekårundersøkingar og anna forskning, slår fast at levestandarden på mange parameter er vesentleg lågare for innvandrere og deira born, enn for majoritetsbefolkninga i Noreg. Born av innvandrere utgjer ein aukande del av fattige born. Meir enn halvparten av alle born i hushald med vedvarande låg inntekt, har innvandrarbakgrunn – dvs. at auken i barnefattigdom i Noreg er i stor grad er knytt til innvandring. Tal frå NAV Sund syner at dei siste fire åra, utgjorde flyktningar og innvandrere i gjennomsnitt 38% av brukarane med sosialstønad i meir enn 6 månadar (langtidsmottakarar av sosialhjelp). Dette syner at vi i Sund har levekårsutfordringar knytt til denne gruppa.

Ei anna gruppe som krev særleg merksemd for å hindre utanforskap er menneske med nedsett funksjonsevne. Med det meiner vi her tap av eller skade på ein kroppsdel eller ein av kroppsfunksjonane. Det kan til dømes vere nedsett rørsle, syn- eller hørsel, nedsett kognitiv funksjon eller ulike funksjonsnedsetjingar som følgje av allergi, hjartesyjukdomar, lungesyjukdomar, nevrologiske sjukdommar eller psykiske lidingar.

Utfordringane både nasjonalt og lokalt i Sund knytt til denne gruppa, er at mange opplever avgrensing når det gjeld å kunne delta i samfunnet. Årsaker kan vere at tilkomst til viktige livsarenaer som barnehage, utdanning, arbeid, transport, bygd og miljø, uteområde, kultur og fritidstilbod, helse og sosiale tenester osv. ikkje er gode nok. Det er difor viktig at Sund legg til grunn universell utforming i all planlegging og utforming av kommunale tenester. Aktiv bruk av Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og samarbeid med frivillige organisasjonar vert difor viktige satsingsområde.

3.2. Mål

Alle innbyggjarar i Sund kommune - uavhengig av alder, livsfase, nasjonalitet og funksjonsevne skal vere inkludert i samfunnet. Med det meinast at dei skal kunne ta del i og bidra inn i fellesskapet på ein likeverdig måte .

Sund kommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar skal vere integrert. Med det meinast at dei skal ha dei same moglegheiter, rettar og plikter til deltaking i samfunnet .

3.3. Strategi

- Tidleg innsats i barnehage og skule med vekt på språkstimulering , grunnleggjande omgrepsforståing og sosial kompetanse
- Haldningsskapande arbeid i barnehage og skule som synleggjer og verdset ulike kulturarar og mangfald
- Verdsette og nyttiggjere kompetanse til innvandrar og flyktningar og gjere det mogleg for dei å lukkast i arbeidslivet og i samfunnet
- Legge til rette for samarbeid med næringslivet og frivillig sektor om til dømes språkopplæring og arbeidsretta tiltak
- Legge til rette for arbeidsretta tiltak for å hindre at unge fell utanfor arbeidslivet
- Koordinere og samordne for å gje gode tenester, med føremål å styrkje den einskilde si evne til å meistre eige liv
- Gje tett oppfølging til innvandrarar med flyktningbakgrunn og andre innvandrarar for å fremje kvardagsmeistring
- Utjamne sosial ulikskap ved å styrkje arbeidet med å redusere barnefattigdom og konsekvensar av barnefattigdom
- Legge til rette for at alle born og unge har moglegheiter til å delta i organiserte eller uorganiserte aktivitetar
- Arbeide aktivt ut mot lag og organisasjonar for å fremme inkludering, mellom anna ved å stimulere til å ta i bruk fleirkulturelle ressursar i kommunen sitt kultur- og fritidstilbod.
- Motarbeide diskriminering, rasisme og mobbing
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet skal nyttast aktivt for å sikre brukarmedverknad.

4. Livsmeistring og helse

4.1. Status

Livsmeistring og helse er vald som overskrift på kapitlet om oppvekst og kultur. Vegen til god helse handlar om å legge forholda til rette for at barn og unge får opplevingar som bidreg til trivsel, livskvalitet, meistring og kjensle av eigenverd.

Det er viktig å gje barn og unge kompetanse som fremjar god fysisk og psykisk helse, som gir moglegheit til å ta ansvarlege livsval. I barne – og ungdomsåra er utvikling av eit positivt sjølvbilde og ein trygg identitet særleg avgjerande.

Dei siste åra er det på nasjonalt nivå utvikla verkty for å identifisera styrker og utfordringar som barn og unge har på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå. Ved å studera målingar som til dømes nasjonale prøver, elevundersøkinga og Ungdata på kommunenivå, kan ein samanlikna seg med nasjonen og andre kommunar. Det viktigaste er at slike data kan gje grunnlag for analyser av eigen verksemd, og gje grunnlag for innsats på område som må forbeholdast.

Dei siste åra har det vore særleg fokus på svake leseresultat blant elevane i Sund vist på nasjonale prøver. Det er sett i gang ei rekke tiltak i barnehage og skule som er meint å heve barn og unge sine språk – og leseferdigheiter. Dette er viktige område for betre livsmeistring og folkehelse. Kommunal leseplan, styrking av kompetanse og ressursar i begynnaropplæringa, språkløyper og leselos, er døme på satsingar som i sum vil gje progresjon og betring av resultatata. På bakgrunn av dei svake resultatata i norsk i og den strategien og dei planane som er laga for å betre resultatet, søkte Sund kommune Kunnskapsdepartementet og fekk status som språkkommunene.

Det er bra for den enkelte og for samfunnet dersom barn og unge får oppfølging som sikrar meistring, utvikling og læring. Tidleg innsats skal vere eit viktig prinsipp for dei som har ansvar for barn og unge i Sund. Tidleg innsats kan ein forstå som innsats på eit tidleg stadium i eit barns liv, men også tidleg inngrep når problem oppstår eller vert avdekka i oppveksten.

Best resultat av tidleg innsats får ein ved ein heilskapleg og koordinert innsats der fleire aktørar set i verk tiltak over tid. Samordna innsats på tvers av tenester i kommunen vil ha stor verdi for barn og unge. I Sund vil ein satsa på utvikling av programmet BTI (Betre tverrfagleg innsats) for å nå måla om betre samhandling i kommunen.

Det er eit viktig mål å ha eit godt og inkluderande læringsmiljø i barnehagar og skular. Det siste året er det utvikla to viktige strategidokument for barnehagane og skulane i Sund. Planane inneheld mål og tiltak for å skape gode læringsmiljø, og barnehagane og skulane vil bli målt på korleis planane vert implementert og tiltaka gjennomført.

Ferdigheitene som ein person har behov for i livet, er i stadig endring. Kunnskaps – og teknologiutvikling og høge forventningar til at komplekse problem skal løysast, gjer at kreativitet og innovasjon er og blir stadig viktigare i arbeidslivet og samfunnslivet framover.

Digitalisering i skulen skal vere eit satsingsområde i Sund saman med kommunane som skal bli Øygarden kommune frå 2020. Digitalisering handlar om meir enn tilgang på teknologi og utstyr. Heile samfunnet må sjå meirverdi i å nytte teknologiske innovasjonar frå tidleg alder. Pilotering av ny teknologi og nye program i klasserommet endrar på mykje. Resultata så langt er lovande, med større elevaktivitet og motivasjon, meir fleksibilitet og inkludering i klasserommet, og truleg betre elevresultat. Sund kommune vil saman med nabokommunane vere i fremste rekke nasjonalt på dette feltet.

4.2. Mål

Sund kommune skal vere ein god stad å vekse opp. Alle barn og unge i Sund skal vere del av eit fellesskap, kjenne seg trygge, lære og utvikle seg etter eigne føresetnader.

4.3. Strategi

- Barnehagar og skular skal ha fokus på å utvikle gode grunnleggjande ferdigheiter: lesing, skriving, rekning, digitale – og munnlege ferdigheiter.
- Tverrfagleg innsats, tidleg oppdaging og intervensjon skal sikre at barn og unge i risikosona vert oppdaga og får hjelp tidleg
- Ungdom i risikograppa skal få støtte og hjelp til å fullføre vidaregåande opplæring
- Alle barn og unge skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø
- Barnehage og skule skal legge vekt på fysisk aktivitet og eit sunt kosthald
- Grender og lokalsenter skal vere gode, tilgjengelege møteplassar for barn og unge og skal ha:
 - leikemiljø som stimulerer til fysisk aktivitet
 - aktivitetstilbod for ungdom
 - universell utforming
 - plass for generasjonsmøte
 - lett tilgang til friområde
- Samhandling mellom kommune og frivillige, lag og organisasjonar
- Barnehage- og skulekrinsar skal tilpassa bustadmønster, folkevekst og ny kommunestruktur

5. Helse for alle

5.1. Status

God helse er viktig for den enklete. Helse seier noko om føresetnadane for deltaking, både i utdanning, på arbeidsmarknaden og i sosiale fellesskap. Helsetenestene når alle innbyggjarar i alle livsfasar. Med samhandlingsreformen sitt fokus på å førebygge framfor å vente til ein må reparere, har ein i Sund teke i bruke metodar som kvardagsrehabilitering, frisklivssentral og veferdsteknologi. Dette gir betre livskvalitet og auka mestringsnivå for den enklete og reduserte kostnader for samfunnet.

Eit anna førebyggjande tiltak er tryggleikssjukepleiar som reiser på heimebesøk til til alle eldre (80+), for å informere om tenester og kartlegge behov. For mange blir dette eit første møte med dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Det å få bu i eigen heim, trass dårleg helse eller funksjonssvikt, er viktig for den enkelte. 20 nye omsorgsbustader sentralt i Skogskiftet som skal stå ferdig hausten 2019, vil gi eit viktig tilbod til dei som ikkje lenger klarer seg i åleine i noverande bustad, men som ønsker å bu sentralt og med kort veg til helse- og omsorgstenester. Det er viktig at kommunen gjennom sin bustadpolitikk legg til rette for at det ved utbygging blir teke omsyn til ulike grupper sine behov for bustad, dette gjeld heile spekteret frå unge som vil inn på bustadmarknaden til eldre som vil ha ein meir lettstelt bustad.

Saman med Fjell og Øygarden kommunar og Helse Bergen, har Sund vore med på å utvikle det som blir det Lokalmedisinske senteret på Straume. Dette senteret vil også kunne vere eit kommunalt kompetansesenter for dei lokale helse- og omsorgstenestene.

Dei fleste unge i Sund er fornøgd med liva sine, forelde og lokalmiljø. Dette kan ein lese av Ungdata undersøkingane som vart gjort i 2015 og 2017. Det er likevel slik at det er mange barn og unge som slit med psykiske vanskar og lidingar. Barn og unge med særlege behov stiller skstra krav til kommunal tilrettelegging fordi dei ofte har behov for tverrfaglege og koordinerte tenester. Sund kommune har difor sett i gang tiltak for å auke kvaliteten på tverrfaglege kommunale samarbeid rundt barn og unge. «Tideg inn» og «Betre tverrfagleg innsats (BTI)», er slike samarbeidsprogram.

Dei komande åra vil fokus ligge på omstilling av tenestene og utvikling av det som er berekraftig helse- og omsorg, tenester som er gode og som også sikrar at komande generasjonar vil få dekt sine behov, dette er også ei nasjonal forventning til dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Den teknologiske utviklinga går fort, det er ikkje lenger berre snakk om dyr omsorgsteknologi. Stadig fleire kjøper robotar som t.d. støvsugar og plenklippar. Prisen på slik teknologi gjer at den er tilgjengeleg for mange. Smarthusløyisingar er under utvikling og eldre er ei av målgruppene, med smarttelefon vil dei kunne styre elektriske apparat og funksjonar i heimen. Etter kvart som dei teknologiske løyisingane blir betre og tilgjengelege for alle, vil det gjere kvardagen enklare og behovet for enkelte kommunale tenester, som til dømes heimehjelp, kan bli utsett eller redusert.

Kompetanseutvikling for dei som skal vere i front i møte med innbyggarenane er nødvendig for å lukkast i omstillingsarbeidet og sikre kvaliteten på tenestene. God kompetanse, kunnskap og deltaking i endringsarbeidet er viktig for å behalde og rekruttere tilsette.

Systematisk bruk av brukarundersøkingar og systematisk dialog med brukaraar og brukarorganisasjonane om tenestene og tenesteutvikling er reiskap for trygg og brukartilpassa helse- og omsorg. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet er viktige samarbeidspartar i utviklinga.

5.2. Mål

Helse og omsorgstenestene skal vere koordinerte og lett tilgjengelege for alle. Den enkelte skal møte tenester med fokus på medverknad og førebygging. Alle skal kunne bu i eigen heim så lenge dei ønsker det.

5.3. Strategi

- Vri tenestefokus frå behandling til førebygging
- Legge til rette for og inspirere til ein aktiv kvardag og eit sunt levesett for alle
- Medvekanad i utforming av tenestene frå brukaren sjølv og/eller pårørnde
- Tidleg tverrfagleg innsats
- Koordinering og kontinuitet i oppfølging frå hjelpeapparatet for dei som treng det
- Familieperspektiv på tenester til foreldre med barn
- Fleire tilrettelagde arbeidsplassar og aktivitetstilbod

- Arbeide for at kollektivtransport og «kommunebuss» er tilgjengeleg i alle grender slik at unge og eldre kan delta i aktivitetar og nytte seg av meir sentraliserte tenester.
- Sikre kompetanseutvikling og etterutdanning for alle tilsette for å møte nye utfordringar i tenestene
- Vere innovativ i utvikling av tenestene, nytte forskingsbasert kunnskap og tekniske og digitale løysingar der dette er til nytte
- Aktivt samarbeide med frivillige og bruke den ressursen som friske seniorar utgjør
- I dialog med utbyggarar må kommunen formidle dei behov ulike grupper har for bustader slik at flest mulig kan bu i eigen heim
- Etablere turstiar i området ved Skogsskiftet som er lett tilgjengeleg for alle; born, eldre og dei med funksjonsvanskar

6. Arealstrategi – ta heile kommunen i bruk

6.1. Status

Sund kommune har i sine tidlegare kommuneplanar lagt stor vekt på å utvikla gode nærmiljø og sikra positiv utvikling i alle bygdene i Sund. Eit resultat av denne politikken er at teknisk infrastruktur er godt utbygd i alle bygder med til dømes vassforsyning og fiberkabel. Møteplassar og sosial infrastruktur er og utvikla med grunnlag i nærmiljøtenkinga.

Skulane har vore viktige for utviklinga av bygdene. Kommunen sine rammevilkår har ført til ei sentralisering av skuletenestene – no med 3 barneskular (frå 2019) mot tidlegare 7. Det kan utfordra tidlegare nærmiljøtenking, men vil likevel gje grunnlag for ei positiv utvikling av bygdene som soknar til desse skulane.

Strukturendringa legg føringar for ei tenking om senterutvikling i Sund. Det er eit mål å oppretthalda og styrka eit lokalt tilbod til dei som bur i kommunen – og ein del av strategien vert då og å lokalisera hovudtyngda av bustadbygginga i nærleiken av desse lokalsentra.

Skogsskiftet er kommunesenter i Sund. I grunnlaget for vedtak om kommunesamanslåing, er det føresetnader om at senteret skal vidareutviklast og framleis tilby offentlege tenester. Det er difor ein del av arealstrategien å sikra areal til vidare utbygging av senterområdet. I det pågåande arbeidet med kommunedelplan for Skogsskiftet er det samarbeid med Fjell kommune for å unngå at kommunegrensa skal vera til hinder for ei god arealutnytting. Skogsskiftet er i dag knutepunkt for regional kollektivtrafikk.

Sund² var lenge det einaste «senteret» i kommunen med dei fleste offentlege tenestetilboda. Det var her den første regulerte bustadbygginga vart gjennomført. Då kommunesenteret vart etablert i Skogsskiftet på 1980-talet, vart mykje av tenestetilbodet flytta dit. Det har likevel vorte bygd nye bustader i bygda (Inngjerdet, Nygård, Skuleneset). Bygda har ny, fin barnehage. Barneskuletilbodet er

² Klokkearvik er namnet på den vesle vika der båtlaget i dag har slipp og lagshus. Posten tok namnet i bruk som adressenamn sidan posthuset låg like ved denne vika. Namnet Sund finn ein i skriftlege kjelder som går mange hundre år attende i tid. Når Sund som kommunenamn fell vekk, er det naturleg å ta namnet i bruk att på lokalsenteret.

flytta til Stranda skule, men skulebygget er i bruk som lokale for barnehage og vaksenopplæring – og grendalaget har sin base i del av bygget som vart bygt ut med stor dugnadsinnsats.

Kyrkjeadministrasjonen held til i Sund kyrkje. Kyrkjekjellaren er ein viktig samlingsstad. Sund kystlag har eige bygg og har utvikla sjøretta tilbod til barn og unge. Båtlaget har eige lagshus i tilknytning til båthamna.

GexCon AS sitt forsøksfelt ligg i gang/sykleavstand frå bustadområda.

Det er eit mål å vidareutvikla Sund som lokalsenter – og legge til rette for opprusting av trafikknutepunktet med tanke på vidare ferjedrift og framtidig hurtigbåtsamband.

Forland vert peika ut som lokalsenter. Her er det barnehage, barneskule og ungdomsskule. I tilknytning til skulane er det idrettsanlegg. Lang tradisjon med landhandel er vidareutvikla med at det er investert i nytt moderne butikkbygg. Næringsområdet i Austefjorden ligg i gang-/sykleavstand frå Forland. Bustadområda på Kleppe og rundt Forlandsvågen ligg i gang-/sykleavstand til skule og butikk.

Spildepollen vert peika ut som lokalsenter. Kommunen har kjøpt eit større areal for å utvikla offentleg tenestetilbod med barnehage, skule og idrettsanlegg. Det er butikk i Spildepollen. Det er og reiselivsverksemd med rorbuser. Næringsområdet på Kausland ligg i gang-/sykleavstand til Spildepollen. Bustadområda i Eide, Kårevik og Kausland ligg i gangavstand til Spildepollen. Den nye skulen skal og ta imot elevar frå Glesnes og Telavåg. Kommunen har som mål å forlenga gang-/sykkelvegane mot desse bygdene.

Sund kommune har låg eigendekning av arbeidsplassar og har som mål å auka slik dekning. Næringsområda i Austefjorden, på Skaganeset og i Porsvika har vorte utvikla over tid – og representerer i dag mange arbeidsplassar. Det er ein del av kommunen sin arealstrategi å sikra moglege areal for utviding og styrka infrastruktur (særleg opprusting veg) opp mot desse næringsområda.

Knytt til ny utvikling innan marin næring, er det aukande etterspurnad etter lokalitetar på land som ligg til sjø. Marin næring er viktig for Sund kommune – og kommunen ynskjer å legge til rette for vidare satsing. Det er difor ein del av strategien å legge til rette slike utbyggingsareal.

Også for oppdrettslokalitetar i sjø kjem det nye føringar om arealstorleik og plassering. Kommunen vil medverka til tilrettelegging for eksisterande og moglege nye anlegg for kultivering av organismar i sjø. Gjennom si vassressursforvaltning vil kommunen medverka til berekraftig utnytting av sjøområda – og sjå til at vilkåra for lokal fiskeriverksemd ikkje vert forringa.

Landbruksverksemda har vorte redusert i Sund – og det er lite ny rekruttering. At bruka er små og tungdrivne, er nok ei hovudårsak. Kommunen er likevel oppteken av å ta vare på dyrka mark. Særleg der landbruksområda er samanhengande over eit visst areal kan det vera potensiale for å oppretthalda drift med ny struktur i framtida.

Gjennom si vassressursforvaltning vil Sund kommune sikra grunnlaget for vassforsyninga. Kørelen er peika ut som hovudvasskjelde. Grindavatn/Nyatrevatn skal vera reservevasskjelde. Nedslagsfelt til desse vasskjeldene skal sikrast mot uynskt ureining.

Gjennom arbeidet med kulturminneplan for Sund, er det utvikla mål for tilrettelegging slik at historie kan formidlast nært kulturminna. Kulturminneløypene vil og vera eit tilbod for alle som vil ut i naturen og slik gje positiv folkehelseeffekt.

I Sund er det gode vilkår for å driva friluftaktivitetar både på land og sjø. Ved å ha fokus på arealeffektiv vidare utbygging – og samstundes tilretteleggja for friluftsliv, kan ein sikra slike gode vilkår for komande generasjonar.

6.2. Mål

Arealstrategien skal hjelpe til med god styring av arealbruken – for å få mest mogeleg «rett» plassering av nye utbyggingstiltak. Strategien skal sikra ei arealøkonomisk utvikling, at ein kan vera rimeleg trygg på konsekvensane av den utviklinga det vert lagt opp til, og at utviklinga vert klimavenleg og berekraftig.

6.3. Strategi

- Sund kommune vil satsa på vidare utvikling av Skogsskiftet som kommunedelsenter og Sund, Forland og Spildepollen som lokalsentra. Hovudtyngd av bustadutbygging og tenesteutvikling vert knytt opp mot utviklinga av desse sentra.
- Sund kommune ynskjer også i det vidare å sikra ei positiv utvikling i bygdene elles – med at det vert sett av areal til bustadbygging for å gje ein naturleg vedlikehaldsvekst. Planlegginga må sikra arealøkonomisk utvikling
- Sund kommune vil sikra ein rimeleg arealreserve for vidare næringsutvikling. Arealane må vera tilpassa dei føresetnadene ny næring må leggja til grunn. Dette gjeld og areal i sjø.

7. Samferdsel

7.1. Status

Sund kommune er ein kommune der busetnaden er relativt jamt fordelt på bygdalag langs kystlina i kommunen. Samfunnsutviklinga har ført til at tenestetilbodet har vorte sentralisert – slik at transportbehovet har auka. Det er vegtransport som no står for det aller meste av transportarbeidet i kommunen.

Privatbilen er det viktigaste framkomstmiddelet. Levering av barn i barnehage, noko supplerande skuleskyss, arbeidsreiser, handling og skyss til fritidsaktivitetar, har gjort dei fleste avhengige av å bruke privatbil. Sjølv med ei meir konsentrert bustadbygging opp mot lokalsentra, betre eigendekning av arbeidsplassar og ei styrking av kollektivtilbodet – er det vanskeleg å sjå at lokalsamfunna kan frigjera seg frå privatbilen.

Teknologisk utvikling vil resultera i at miljøutfordringa knytt til privatbilen, vil verta redusert. Trafikksikring og standardheving på vegane, kan sikra at transporten vert effektiv og redusera risiko

for personskade. Sund kommune har i sin trafikkisikringsplan prioritert tiltak langs vegnettet. Relativ omfattande utbygging av gang og sykkelveggar har alt lagt til rette for at fleire no går og sykklar.

Godstransporten er og for det aller meste vegtransport. Det har tidlegare vore forsøk med sjøtransport av ferdigprodukt frå fiskeindustrien – utan at det viste seg å vera rekningssvarande. Men her kan det vera eit potensiale. Kommunen har medverka til kaibygging på dei viktigaste næringsområda.

Kollektivtilbodet er bra frå Skogsskiftet mot Straume og Bergen. Innfartsparkering er viktig for oppslutning om tilbodet. Bussrutene elles - med unntak av arbeids- og skulerutene, er svært lite effektive. Her må meir fleksible, lokale tilbod utviklast om kollektivdelen av transporten skal aukast. Særleg barn/unge og dei eldste innbyggjarane vil kunna etterspørja eit slikt lokaltilpassa tilbod. Røynslene med «handlebussen» viser at slike lokale tilbod også er viktig sosialt.

Innfartsparkering vil vera viktig i Sund. Med eit godt busstilbod frå sentrale haldeplassar i kommunen, kan god kapasitet på innfartsparkeringa medverka til auke i kollektivreisene. Det må sikrast tilfredsstillande tilbod om sykkelparkering på dei stadane det er innfartsparkering.

7.2. Mål

Legge til rette for trygg og effektiv vegtransport og eit godt og attraktivt kollektivtilbod for innbyggjarane i Sund.

7.3. Strategi

- Sund kommune vil arbeida for at vedtaka om bygging av Sotrasambandet og ny veg mellom Ågotnes og Austefjorden vert fylgde opp. Tiltaka vil sikra meir effektiv og tryggare vegtransport for innbyggjarane i kommunen – og vil gjera tilbodet om kollektivreiser meir attraktivt.
- Sund kommune vil framleis arbeida for å utvikle eit teneleg fastlandssamband til Lerøy og Bjelkarøy.
- Sund kommune vil arbeida for betring av kollektivtilbodet og sikring av tilfredsstillande innfartsparkering for dei gjennomgåande rutene. For lokalruter er det eit mål å styrka eit lokaltilpassa tilbod. Sund er positiv til vidare regional utgreiing om hurtigbåtsamband i nærområdet til Bergen.
- Som «trafikkisikker kommune» vil Sund arbeida for å få gjennomført tiltak slik det kjem fram i trafikkisikringsplanen til kommunen. Sikring av vegtilkomst til dei viktigaste næringsområda i kommunen er prioriterte tiltak.

8. Næringsutvikling

8.1. Status

I 2016 var det registrert 3274 sysselsette personar busette i kommunen, 1753 menn og 1521 kvinner.

1665 personar, inkludert dei som pendlar frå nabokommunane, hadde arbeidsplassen sin i Sund. Det gir Sund kommune ein arbeidsplassdekning i 2016 på 50,8%. Samanlikna med andre kommunar i Hordaland, er dette lågt. Kommunen er tett integrert med nabokommunane med høg utpendling

kombinert med låg innpendling. Netto utpendling frå Sund i 2016, var 1609 personar. Dei fleste pendlar til Bergen og Fjell.

Tabellen under viser netto inn og utpendling for nærliggande kommunane.

Arbeidsstad:	Bergen	Askøy	Sund	Fjell	Øygarden	Sokkelen
Bustad:						
Bergen	124212	1518	122	2705	150	1315
Askøy	6468	5833	20	582	23	205
Sund	843	40	1216	843	39	112
Fjell	4978	186	255	5805	268	255
Øygarden	542	16	16	405	1025	61

Om ein deler arbeidsplassar etter sektor, ser ein at der frå 2013 til 2016 er ein nedgangen i i talet på sysselsette i privat sektor. Lågkonjunktoren i petroleumsindustrien kan ha ført til negativ utvikling i talet på sysselsette innan fleire bransjar i kommunen.

Tabellen under viser sysselsetting for personar busett i Sund kommune etter sektor:

Sysselsette:	2013	2014	2015	2016
Alle sektorar	3377	3421	3329	3274
Statleg forvalting	170	161	154	176
Fylkeskommunal forvalting	39	42	47	41
Kommunal forvalting	672	686	692	717
Privat sektor og offentlege føretak	2497	2533	2435	2341

Ssb sept .2017

Talet på private verksemder i Sund kommune er stigande. I 2013 var det registrert 450 verksemder og i 2017 er det per september, registrert 494 verksemder.

Når ein ser på private verksemder etter tal på tilsette, ser ein at det er flest verksemdene i Sund har mellom 0 og 9 tilsette. Verksemder oppgjevne utan tilsette omfattar enkelmannsføretak og sjølvstendig næringsdrivande.

Tal tilsette	Tal verksemder
Ingen tilsette	338 verksemder
1-4 tilsette	75 verksemder
5-9 tilsette	37 verksemder
10-19 tilsette	21 verksemder
20- 49 tilsette	16 verksemder
50-99 tilsette	5 verksemder
100 -249 tilsette	2 verksemder
Meir enn 250 tilsette	0 verksemder

8.2. Mål

Auke talet på arbeidsplassar for å sikre betre eigendekning og redusere talet på dagleg pendlarar ut av regionen. Kommunen skal særleg satse inn mot marin næring. Kommunen vil medverke til at unge ikkje fell permant ut frå arbeidslivet.

8.3. Strategi

- Arbeide vidare med å utbygging av offentleg infrastruktur i kommunen samt realisering av ny veg nord-sør på Sotra, Austefjorden-Ågotnes
- Arbeide for å styrke tankegangen kring lokalsenter i Sund, Forland og Spildepollen ved å legge til rette for bustad og handel
- Arbeide for fleire etableringar og investeringar i kommunen og regionen ved å samarbeide med nabokommunar, Gode sirklar, Invest i Bergen, Vest næringsråd osv.
- Vere oppdatert og dynamisk i møte med innovativ og ny teknologi innan fiskeri og kultivering av organismar i sjø
- Arbeide for å få utvikle nye lokalitetar sett av til akvakultur i arealplanen, tilpassa moderne anlegg
- Arbeide for å utvikle nye næringsareal mot sjø
- Arbeide for at nyetablerarar /gründerar får realisert ideen sin ved å vere oppdatert på verkemidlar som finst i regionen
- Legge til rette for samarbeid på tvers av bransjar knytt til felles utfordringar
- Arbeide for at kommunen sjølv og det private næringslivet legg til rette for unge som har problem med å kome seg inn på arbeidsmarknaden

9. Frå Sund - til nye Øygarden kommune

9.1. Status

Tida fram mot kommunesamanslåing i 2020, vil i stor grad ha preg av planlegging og førebuing av det som skal kome. Samstundes skal Sund kommune framleis levere gode tenester til innbyggjarane, ha kontinuitet i tenesteutviklinga og vere ein god arbeidsgivar for tilsette.

Sund kommune har vore gjennom ein prosess der sentrale dokument er revidert og revitalisert. Dette gjeld mellom anna kommunen sitt delegasjonsreglement. Dette har gitt eit løft for den enkelte leiar og ei tydeleg felles plattform i møte med dei to kommunane vi skal slå oss saman med.

Samfunnsdelen skal sikre ein kontinuitet i utviklinga og peike på det beste av det som er Sund kommune. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal gjelde til den nye kommunen har meisla ut sin felles plan.

På alle tenestekområde er der til ei kvar tid eit eller fleire samarbeidsprosjekt mellom dei tre kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Dette gjer at ein kjenner kvarandre god, veit korleis naboane tenker om tenesteutvikling og prioriteringar. Dette gjer det enklare å gå inn i prosessen med samanslåing. Men det gjer det også vanskelg i dei tilfelle der kommunane har gjort ulike prioriteringar og ønsker å fremme sin måte å organisere seg på. Det er difor tidkrevjande å kome fram til eit resultat alle kan leve med.

9.2. Mål

Sund kommune skal vere godt budd til å bli ein del av nye Øygarden kommune frå 2020. Innbyggjarar og tilsette i Sund skal kjenne seg igjen i den nye kommunen.

9.3. Strategi

- Delta aktivt i prosessen fram mot ny kommune
- Bidra til at prosjektorganisasjonen for den nye kommunen får ressursar nok til sitt arbeid

10. Beredskap

10.1. Status

Sund kommune skal følge opp arbeidet med å lukke avvik etter tilsyn, gjennom systematisk øving av den sentrale beredskapsorganisasjonen innanfor ramma av revidert beredskapsplan. Saman med nabokommunane Øygarden og Fjell, er ein ny overordna kommuneROS under arbeid. Denne skal vere grunnlag for arbeidet med ny beredskapsplan for nye Øygarden kommune.

Sund kommune sine planar for helseberedskap har ikkje vore rullert på fleire år. I samband med etablering av ny kommune ønsker vi å prioritere arbeidet med ny Smittevern- og helseberedskapsplan.

Frå 01.01.18 fekk Fjell, Sund og Øygarden felles brannvern, Øygarden brann og redning IKS, ØBR er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av Fjell, Sund og Øygarden kommunar. Hovudbrannstasjonen ligg på Ågotnes, der er også brannstasjon i Skogskiftet i Sund og på Dalsneset i Øygarden.

10.2. Mål

Gjennom bevisst handling og oppdatert kunnskap, gjennom planverk, øvingar og fokus på førebygging, skal Sund kommune skal ha ein best mogleg beredskap for alle aktuelle kriser og uønskte hendingar.

Det skal takast naudsynte beredskapsmessige omsyn ved all kommunal planlegging, utbygging og drift. Kommunen skal vere førebudd på å kunne sette i verk tiltak raskt når det skjer ei krise.

10.3. Strategi

- Felles ROS- analyse for Sund, Fjell og Øygarden ferdigstilt i 2018
 - Årleg kompetanseplan for systematisk øving av KKL i Sund
 - Felles beredskapsplan for nye Øygarden kommune etter 2020
 - Felles plan for helseberedskap og smittevern i nye Øygarden kommune etter 2020
 - Vidareutvikle samarbeidsavtale om beredskap med Røde kors og andre frivillige samarbeidspartar
-